

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Sør-trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Støren.

Emne Høgtidsmat ved familiefestar. Bygdelag: Haukdalsgrenda.

Oppskr. av: Jens Haukdal.

Gard: Sørstua.

(adresse): Snøan

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Kari J. Hugdal, 67 år, Haukdal, husmor.

## SVAR

A. Fødselen.

1. Frå gamalt har det vori god skikk at grannekoner, slekt og vener kom med sengmat til barselkona. Først kom dei næraste slekta og seinare kom dei i flokk og følgje.
2. Dei første som kom var foreldra til dei som hadde fått barnet. Seinare kom grannekoner, og dei var oftast fleire i lag.
3. Nokon avtale om kva dei skulle ha med seg hadde dei ikkje seg i mellom, men alle kappast om å ha det beste, og det vart tala om kor godt det hadde smaka etter at dei kom heim att.
4. I gamal tid tok dei til å koma på vitjing alt dagen etter at barnet var komi.
5. Dei kom ein gong.
6. Den vanlege barselmaten var graut. Det kunne vera rømmegraut og risengraut.
7. Ingen reglar da dei berre skulle koma ein gong.
8. Dei gamle hadde fine dallar som dei bar grauten i. Desse dallane finn ein enno på dei fleste gardane. Dei var sers fråseggjorde med fin treskurd og rosemaling. Den mest vanlege fargen var blå med sjatteringar i svart, og banda var av seljesvei med raud maling. (Banda på trekoppene vart laga av tunn seljeremming som i daglegtale vart kalla: bandsvei. Nemninga: Svei - har ein i ordet for riset. Om ein unge gjorde ugagn vart det sagt: Pass deg for "sveien.")
9. Når dei gjekk med sengemat til barselkone sa dei alltid at dei skulle i veg med graut.
10. Det var kona sjølv som gjekk med sengmaten. Ingen andre var gode nok til det.
11. Mannen var ofte med og køyrde når kona skulle i veg med sengmat. Ingen såg noko rart i det.



12. Sendingsfolket fekk alltid traktering, og det var ingen skilnad om den nyfødde var gut eller gjente. Dei fekk kaffi og kaker. Så skulle dei smaka av sendinga og var det mange i følgje så kunne det bli mange grautar å smaka på.

13. Det var ingen sernamn på desse samkomone.

14. Dei fekk traktering etter kvart som dei kom med sendingane. Barsøl er namnet på samkoma ved dåpen.

15. Nei, alle fekk sengmat. Det var ingen skilnad slik. Ein unge var ein unge.

16. Skikken har haldi seg og held seg framleis, men det er eit i skifte i det ein i seinare år har bruka konditor-kaker i staden for graut. Eldre folk held fast på det gamle. Bruken av konditorkaker og blomster tok til i 1930-åra.

17. Det var alltid skikken å gjeva ei lita gåve til barnet. Det kunne vera frå 2-10 kr.

I denne samanhengen vil eg nemna ein gamal skikk. Om det kom inn karar i huset der var komi eit barn bruka dei å gøyma bort huva hans. Han måtte då gjeva barnet ei pengegåve. Det vart kalla " å løs att huva si."

18. Skikken med pengegåva er slik også i dag.

19. Det vart haldi dåpskalas. Da var fadrane og besteforeldre med.

20. Dåpskalaset kallar ein barsøl.

21. ~~Ingen sending~~ Ingen fast matsetel. Gjestane hadde med seg sending.

22. Det var ingen regel for kor mykje ein skulle ha med seg, men det var vanleg å ha med graut og kaker. Ho som bar barnet skulle ikkje ha med meir enn dei andre. Ved middagsbordet skulle dei smaka av all grauten som var boren.

23. No er det mindre av graut. Ein brukar kaker i staden.

#### B. Fødselsdag.

24. I gamal tid vart årsmålsdagen feira berre for born. Etter 1880 vart det òg til at vaksne folk ba til seg næraste granne saman med husfolket til ein kopp kaffi og kringler.

25. No har alle årsmålsdaglag kvart år.

26. Berre folk som er bedne kjem til laget.

27. Ja det er skikken å gjeva gåvor. Det er serleg til born, men òg frå born til foreldre.

28. Nokon serleg rett skulle dei ikkje ha i gamal tid. Det var kaffi og brød (kringler, bollar, e.l.)

29. No brukar ein sjokolade, blautkake og kringle. Til born ser ein ofte ljøs på kaka.



C. Konfirmasjon.

30. I gamal tid var det inga feiring av konfirmasjonen.

31. No er det vanleg med konfirmasjonskalas. Det kom i bruk rundt 1900.

32. Til konfirmasjonskalaset brukar ein å be fadrane til konfirmanten, besteforeldre, onklar og tanter og læraren er ofte med.

33. Gjestane hadde/har med seg sending. Det er helst kaker.

34. Ja, skikken med gåvor til konfirmanten har gripe om seg nokså strekt. Det er karakteristisk som ein gamal mann sa ved eit slikt høve:

"Den gongen e vart konfirmert va det rett itt så my e fekk. E tru det va et kort berre. Det går no mest for vidt no da....e og kjerringa fekk it nå så nær så my da me gifta som konfirmanten ha fått i dag."

Gåvor til konfirmanten kan koma både frå dei som er bedne og frå andre.

35. Ingen faste rettar. Kvar vel det dei likar best.

D. Brudlaup.

g/

36. Trulovinskalas har ikkje vori vanleg her. Dei var helst redde for å visa det at dei hadde bytta ringar, og kalas vart det ikkje snakk om.

37. I eldre tider var det avgjort av foreldra kven som skulle ha kvar andre, og festarølet var da helst ei samkome for dei eldre. Dei to unge fekk vera med, men ofte kjende dei lite til kvar andre. Difor var festgleda mest hjå dei som hadde makta.

Når det så vart til at dei unge sjølv fekk råda meir i hjartesak, kom kalaset bort. Det var som dei var redde for å ha gjor noko gali.

No er det meir fritt. Dei unge har vanka saman i heimane lenge før trulovinga. Difor er det meir i einfelde former både omgangtona og det heile.

38. Det var vanlegvis fire matmål i brudlaup.

b) Ein fekk frukost før det bar til kyrkja.

så kom middag, ettermiddagsmat og kveldsmat.

exl. dagen var det sodd til middag, heimebrygga øl og sviskegraut til desser.

c) I kvart brudlaup var bruragrauten viss.

d) Noko fast program for dagane hadde dei ikkje, men det var vanleg med graut 2. dagen. Laget for hjelparar kunne vera 3. eller 4. dagen.

39. Til brudlaup hadde alle huslydane med seg bening. Og det var faste reglar for kva og kor mykje ein bening skulle innehalda. (Sjå serskild vedlegg)

40. Smøret vart alltid lagt i form. Desse formene var sers fint skårne med sirlege mønster og årstal. Di større og finare forma var di rikare var gjevaren og di betre var stellet.



41. Han som bad samla aldri inn kjøtt eller anna slag mat føreåt.
42. Sendinga er kalla bening, og denne nemninga er vanleg enno.
43. Det var helst sjølvfolka som kørde med seg beningskufferten når dei fór til gjestebodshuset.
44. Det var alltid traktering til dei som kom med sendinga. Dette gjeld serleg gravøl. Alle som var bedne til gravøls møtte opp i huset kvelden føre gravferdsdagen. Det er kalla beningskvelden.
45. Det vart ikkje send med noko heim att beningskvelden.
46. Det var vanleg at ei eldre, røynd kone stod for beningane og ho "hadd ni att" det som skikken tilsa. Det var eit ansvarsfullt ~~kyrde~~ arbeid å vera "beningskjerring". Ho skulle vita kva dei einskilde hadde med. Det dei hadde med var grunnlaget for det dei skulle ha med heimatt.
47. Det er vanleg med to dagar i brudlaup no. Men det er ikkje lenger over to dagar. Før var det vanleg tre - fire dagar.
48. Ein held også brudlaup på hotell. Da er det berre den eine dagen.
49. Det er sjeldan at nokon reiser til byen og gjer unna brudlaupet slik utan å halda brudlaupslag. Det ser ein på som lite sømeleg.
50. Dei vil i så fall få mykje mindre gåvor enn dei elles ville fått.
51. Ein festar ikkje på årsdagen for brudlaup anna enn når det er runde år.

#### E. Gravøl.

52. Frå gamalt er grenda (bygda) delt inn i belag (eller bølåg med grov ø, som nemninga er i daglegtale) Innafor bølåget var det sume som skulle bedast til gravøls og sume til følgje. Her i grenda skilde ein berre mellom desse to. Dei som var bedne til gravøls skulle ha full bening og møtte i huset kvelden føre gravølet - beningskvelden.  
Dei som var bedne til følgje skulle ha berre følgjingsbening, og denne var mindre enn gravølsbeningen. Til gravølsbeningen var det ein særskild kuffet - beningskufferten. Til følgjingsbeningen var det særskild ~~korg~~ som ein kallar - beningskørj.
52. Gravølet varde i tre dagar.
53. Det var fire matmål om dagen.
54. Måltida vart kalla: Fyrryåbit, åbit, dugurd, non og kveldsmat. (Dette er dei gamle nemningane, og dei gjeld både brudlaup og gravøl i gamal tid.)
55. Alle måla vart servert attmed langbord i storstova. Ein veit ingen sort mat som ein ikkje burde bruka i gravøl.



56. Hovudmåltidet var middagsmaten eller dugruden. Moko sernamn hadde ein ikkje på måltidet.

57. Same kor lite rom dei hadde ville dei gjerne at den avlidne skulle først frå heimen. Difor vart alltid gravølet haldi der.

58. Dei som var bedne til gravøls kom kvelden føreåt. Sendingane hadde dei da med seg. Dei som var bedne til følgje hadde beningskørja med seg da dei kom gravølsdagen.

59. Smøret var lagt i form på same måten som til brudlaup. Elles var maten lagt i kuffert eller korg alt etter som det var gravølsbening eller følgjingsbening.

60. Dei som kom til gravølshuset kvelden føre gravølet fekk mat og stell etter gamal seg og skikk.

61. Det var ingen skilnad på maten anten den avlidne var ung eller gamal, gift eller ugift.

62. Frå 1930 gjekk det meir og meir over til å bli færre dagar i gravøl. No er det oftast berre ein dag.

63. Alkohol i samband med gravøl er gått heilt av bruk no. Det er vørterølet som har løyst av maltølet.

64. Ja, den gamle tradisjonen omkring gravøl har haldi seg lenger enn ved andre gjestebod. Den gamle forma for sending lever enno, men no er det mest vanleg at det blir bedi utan kostnad.

Det er ikkje så mange åra attende til at gamle folk hadde ordna seg med gravølsmalt. Ein veit døme på at da det skulle bryggjast til slåttonna ein stad kom gamlemannen og sa at dei måtte ta gravølsmaltet hans. Han var redd det skulle bli for veikt. Og same dagen ordna han seg og melta nytt gravølsmalt. Han måtte ha det i orden.

65. Maten og stellet til gravøl har endra seg etter måten lite. Ein får frukost med sjokolade, smørbrød, klining med gomme. Det er oftast ein varmmrett til. Middagen er med kbaftsuppe med grønsaker og kjøttboller. Så kjem fiskpudding, og så kokt eller steikt kjøtt. Til slutt er det desser. Vørterøl har vunni over maltølet.

66. Alkohol er ikkje bruka no.

67. Sume held gravølsmiddag på hotell, men det er sjeldan det blir gjort her.

68. Her brukar ein den gamle skikken med bear. Ein mann i bølaget går frå gard til gard og bed folket til gravølet, eller til følgje.

69. Det vart vanleg å avertera dødsfall i avisone rundt 1900.

#### F. Nye festar.

70. Det har ikkje dana seg nokon tradisjon om maten 17. mai. Ofte var dagen vanleg arbeidsdag, men i seinare år er dagen helgedag og da er det helgedagskost.



6.  
71. Morsdagen er feira i siste åra, men det er ikkje vanleg over alt i grenda.

72. Farsdagen er komi til i dei aller siste åra, men det ikkje så mange som feirar han.

73. Ein har ingen faste rettar til desse dagane.

74. Kvar for seg fastset kva rettar dei vil bruka både til høgtid og fest. Vanlegvis bakar ein kakone sjølv. Det er berre til serskilde samankomstar at ein tingar kakor frå bakar.

75. Morsdagen og farsdagen vart kjend gjennom presse og kringkasting.

Jens Haukdal



7.

Vedlegg til emne nr.39.

Or Folkeminnesamling 1952.

Samla av Jens Haukdal.

Bening.

Bening er nemninga på matsending til gravøl og brudlaup. I eldre tid var det mykje ansleis enn no, og ein skilde mellom storbening og følgjebening.

I gravøl skulle alle som var bedne til gravøls (til kvelds) ha storbening. Det var serleg næraste slekta. Ei slik ~~bening~~ sending skulle innehalda:

- 6 store heimebaka kaker (båkkåkaku i dagleg tale)
- 6 store lefser. (klining)
- 20-30 leivar. (steikt i firkanta jarn -fløyte, mjøl og sukker.
- 1 stort fat gomme. (koka av nysila mjølk. Det var skam å koma med fomme som var for brun med harde klumpar i. Det tydde lite nysila mjølk.)
- 1 stor mjølkost. (slike ostar måtte ein ha på lager av *di* osten ikkje var mogen til bruk med ~~ein~~ det same han var ny.

1 stor smørform.

(Det som her er oppskrivt galdt nære grannar og andre)  
Frå næraste slekta skulle det elles vera med:

- 1 ryggstykke av fleisk.
- 1/2 sauskrott (lår, bog og side)
- 2-3 stenger kjøpt kaffibrød.
- I seinare år: 1 tekake + julekake eller kveitebrød.
- 1 spann med 2-3 liter rømme.
- 1 spann med 6 liter nysila mjølk.

Dei som var bedne til følgje hadde "følgjebening"

Dei møtte fram gravølsdagen og kom ikkje i gravølet fleire dagar.

Følgjebeningen var lagt i ei særskild ~~korg~~ beningskorg, og desse korgene var sers forseggjorde. Korga skulle innehalda:

- 2 heimebaka kaker,
- 1 sirupskake,
- 2 brødstenger. (I seinare år tekake og kveitebrød i staden for brødstenger)

Til denne beningen var det ikkje rømme eller mjølk, men det kunne vera ei flaske fløyte.

J. Haukdal.